

Saksprotokoll

Kommunestyret

26.11.2020

Sak: 58/20

Tittel: Saksprotokoll - Reguleringsplan Solvorn kyrkje plan-ID 2016001
Arkivsak: 19/169

Behandling:

Plan- og forvaltningsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

«I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova, godkjenner Luster kommunestyre reguleringsplan for Solvorn kyrkje, sist endra 07.10.2020.»

Vedtaket medfører endringar i følgjande reguleringsplanar:

- Reguleringsplan for Løteigane, plan-ID 1986001, vedteken 15.10.1997.
 - Reguleringsplan for Borhaug, plan-ID 2005003, vedteken 23.04.2009.
-

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arne Ingjald Lerum
Arkivsaksnr.: 19/169

Arkiv: PLAN L12

Reguleringsplan Solvorn kyrkje, plan-ID 2016001. 2. gongs handsaming. Vedtak.

Rådmannen si tilråding:

1. Plan- og forvaltningsstyret sluttar seg til rådmannen sine tilrådingar knytte til innkomne fråsegner.
2. Plan- og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak:
«I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova, godkjenner Luster kommunestyre reguleringsplan for Solvorn kyrkje, sist endra 07.10.2020.»

Vedtaket medfører endringar i følgjande reguleringsplanar:

- Reguleringsplan for Løteigane, plan-ID 1986001, vedteken 15.10.1997.
- Reguleringsplan for Borhaug, plan-ID 2005003, vedteken 23.04.2009.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. Reguleringskart
2. Reguleringsføresegner
3. Planomtale
4. ROS-analyse

Uprenta vedlegg: Andre dokument i saka.

Samandrag:

Luster kommune har sidan våren 2019 arbeidd med nytt reguleringsframlegg for området kring Solvorn kyrkje. Hovudføreålet med reguleringsplanen er å få fleire parkeringsplassar i Solvorn og samstundes leggje til rette for universell tilkomst til kyrkja. Reguleringsframlegget låg ute til offentleg ettersyn sommaren 2020. Det kom inn motsegn frå NVE som meinte at all registrert naturfare må innarbeidast på plankart og i reguleringsføresegner. Luster kommune har endra plandokumenta i samsvar med dette. Ved brev av 14.10.2020 har NVE trekt varsel om motsegn. Endringane i plandokumenta er ikkje av slik karakter at det krev nytt offentleg ettersyn. Rådmannen tilrår at reguleringsframlegget blir vedteke.

Utval som har vedtaksmynde:

Plan- og forvaltningsstyret, for det som gjeld handsaming av merknader, jf. reglane i delegeringsreglementet knytte til § 12 i plan- og bygningslova.

Kommunestyret for det som gjeld vedtak av reguleringsplan, jf. § 12-12 i plan- og bygningslova.

Fakta:

Arbeidet med reguleringsplan for området rundt Solvorn kyrkje vart starta opp våren 2019. Det reguleringsmessige grepet som er gjort i planen, er innregulering av 26 nye parkeringsplassar sør for kyrkja, jf vedlegg. To av desse plassane er reservert som HC-parkering. Ny atkomst frå parkering har også lagt til rette for universell tilkomst.

Reguleringsframlegget for området låg ute til offentleg ettersyn i tida 6. juni til 5. august 2020.

Innkomne merknader.

Det kom inn slike merknader og fråsegner:

1. Brev av 21.07.2020 frå NVE, Region vest.
I brevet kjem NVE med motsegn til planframlegget: NVE skriv slik:.
«NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er:
 - **Manglande innarbeiding av kartlagt skredfare i bratt terreng i plandokumenta.**
 - **Manglande avklaring av flaumfare knytt til bekken gjennom planområdet.»**

Kommentarar:

Etter at kommunen mottok varsel frå NVE om motsegn, tok rådmannen, ved brev av 14.09.2020, kontakt med fylkesmannen, der kommunen greidde ut sitt syn på motsegnvarselet.

Etter fleire samtaler og videomøte med NVE, utarbeidde rådmannen eit framlegg til endra reguleringskart og reguleringsføresegner og sende dette over til NVE ved brev av 07.10.2020.

Endringane går i hovudsak ut på å teikne inn omsynsoner for flaumskred, med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Etter at dei mottok dette brevet, trekte NVE motsegna. I brev av 14.10.2020, skreiv NVE slik:

«NVE har hatt dialog med kommunen om krav til endringar av plandokumenta for å svare for våre merknader. I plandokumenta sist revidert 07.10.2020 er det gjort endringar som svarar for våre merknader til planen og grunnlaget for motsegna fell bort. **Med desse dokumenta som grunnlag trekker NVE motsegna til planen.**»

Tilråding:

Plandokumenta er endra i samsvar med krav frå NVE. Dette gjeld endringar av formell karakter, markering av faresituasjonen i området. Dette var tidlegare berre omtala i § 8.2 i reguleringsføresegnene. Endringane vil ikkje krevje utlegging til offentleg ettersyn eller anna formell handsaming, før planframlegget blir lagt fram for endeleg avgjerd i kommunestyret.

2. Brev av 05.08.2020 frå Bjørgvin bispedømmeråd.
I brevet frå bispedømmerådet står det m.a.: «All bygging nærare kyrkja» er eit omfattande omgrep som gjeld byggverk, parkeringsplassar, kunstverk m.m. Dette må koma fram av føresegnene.

Tilråding:

Ein har endra § 5.2. i reguleringsføresegnene til:

«Tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova må ha situasjonsplan som syner at omsynssoner fare og kultur og tilkomst for beredskapsressursar er ivareteke.

All bygging nærare kyrkja enn 60 m og alle endringar på kyrkjebygget, dvs. av byggverket, parkeringsplassar og kunstverk m.m., skal godkjennast av biskopen. Kyrkja er listeført som verneverdig og biskopen skal i slike saker innhente fråsegn frå Riksantikvaren. All endring av gravplassen, t.d. flytting av mur, skal også godkjennast av Bjørgvin bispedømmeråd.

Innanfor området regulert til kyrkje og gravplass skal det etablerast gangveggar der dette er naturleg og etter situasjonsplan.»

Dette er ei presisering av kva tiltak som må godkjennast av Bjørgvin bispedømmeråd. Endringa i føresegner i samsvar med innspelet frå bispedømmerådet er ei presisering, dette krev ikkje noko meir formell handsaming.

3. Brev av 19.08.2020 frå Fylkesmannen i Vestland.
Fylkesmannen viser til varsel om motsegn frå NVE, han har elles ikkje merknader.

Vurdering:

Endringa i plandokumenta i samsvar med innspela frå NVE og Bjørgvin bispedømmeråd, krev ikkje noko meir formell handsaming.

Rådmannen legg til grunn at framlagt forslag til reguleringsplan løyser dei utfordringane som planen skulle løyse med omsyn til parkering og universell tilkomst på ein god måte og rår til at framlegg til reguleringsplan for Solvorn kyrkje, sist endra 07.10.2020, blir vedteken.

Dato: 28.10.2020.

Jarle Skartun
rådmann

Knut Vidar Svanheld
plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:

